



Truleg vert det 14 som tek idrettsmerket i Uskedalen dette året, kunne primus motor Åshild Sjøwall melda under innspurten på Heio i dag der 3 vart registrert som merketakarar. Frammøtet var upåklageleg trass i ein sur vind som særleg dei som gjekk dalen rundt fekk kjenne. Aslaug Lyse og Vivik Rimestad tok runden. Åshild kjem no opp i 54 merker medan Aslaug og Vivik har teke prøva 45 og 33 gonger.

Oppslutnaden om idrettsmerket er ikkje som han var tidlegare då talet nådde heilt opp i 37 på det meste i Uskedalen. Men antalet på merketakarar er i alle fall på veg oppno sjølv om det går sakte. Det har vore heilt nede i 9, men dei siste åra har det auka til 10, 13 og altså 14 i år.

På biletet konstaterar Åshild, Aslaug og Vivik at årets prøve er i havn.

Foto: Ola Matti Mathisen